



VINJE

«mottakernavn»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dato:08.12.2025

Vår referanse: 2022/970-5

Sakshandsamar:Thor Lars Christiansen

Manglande busetting på småbruket gnr. 154/576 Bakkane i Vinje

Vi syner til kontakt Vinje kommune har hatt med deg ved fleire høve både på SMS og e-post - sist gang no i haust – om småbruket Bakkane på Rauland.

Du overtok eigedomen konsesjonsfritt i 2020, på vilkår at eigedomen skulle nyttast som heilårsbustad. Det betyr at eigedomen skulle ha vore teke i bruk som din reelle bustad i følgje konsesjonsloven. Vi kan ikkje sjå at dette er tilfelle slik eigedomen står fram i dag. Viser til vedlagt foto etter at eg køyrde innom på eit besøk no i haust. Vi får og reaksjonar om eigedomen frå folk i bygda.



Vinje kommune har sterkt fokus på busetting i sine strategiar. Småbruk er i den samanhengen peika på som attraktive stader å bu – og særleg når dei ligg sentralt til slik som på Rauland. Det har vore ein aukande omsetning av slike eigedomar dei siste åra i Vinje. Det er og viktig i høve til attraktivitet og trivsel at småbruk blir teke vare på og blir vedlikehalde.



Det er som nemnt buplikt på denne type eigedom i Vinje. Vi vill sett pris på at eigedomen blir sett i stand - og blir nytta som ein reell bustad. Enten av deg - eller om du ynskjer å selje av

noko som ynskjer å busette seg der. Vi har stor førespurnad etter ledige småbruk som ligg sentralt på Rauland som dette. Ta gjerne kontakt med oss.

Vinjelosen Silje Hagen er sett på kopi her – som du og har vore i kontakt med tidlegare. Hennar jobb er å få til auka busetting i Vinje.

Med helsing

Thor Lars Christiansen

Knut Martin Edland

landbruksrådgjevar

kommunalsjef

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

1 151-576 - Eigenfråsegn - Monica Hundseid

Mottakarar:

MONICA HUNDSEID

MONICA HUNDSEID

Kopi til:

Silje Hagen